

Tillegg til politisk sak UPM 057/15 Arealdelen til
kommuneplanen, arkivsak 12/215 - 328:

Uttaler frå private, lag og organisasjonar – rådmannen sin
gjennomgang og vurderingar

Kommuneplanens arealdel 2015 – 27

Uttale frå:	Innspel	Handsaming
30. Jarle Vinnes	<p>Klage angående høyringsutkastet til kommuneplanens arealdel, gjelder</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utviding/fortetting av eksisterande bustadfelt Kleivane på Vinnes - Vidareføring av hytteområdet i Osphovda, krav om reguleringsplan i gjeldande arealplan - Småbåthamn og vinteropplag for småbåtar ved Leirtjødnane 	<p>Vurderingane som er gjort står i KU og ROS, og i lister over innspel.</p> <p>Det er vurdert både administrativt og diskutert politisk at areal til bustad på Vinnes dekkjer meir enn dagens behov</p> <p>Hytteområdet, småbåthamn og område til vinteropplag ligg tett på fuglevernområdet, og det har ikkje vore ønskjeleg med meir aktivitet tett på området</p>
31. Skogbilveglaget Revnestølvegen SA v/Torbjørn Rusås	Ber om at næringsområdet på Mjånes, To'ø, blir utvida med tilgrensande område Mjånes.	Alle nye byggeområde som skal inn i arealplanen må konsekvensutgreiast. Dette er derfor eit innspel kommunen gjerne skulle hatt tidlegare i prosessen. Det er ikkje mogeleg å sei om arealet hadde vorte tilrådd i den prosessen.
32. Kari Opsahl og Karl Gustav Opsahl	<ul style="list-style-type: none"> - Ber om at B66 i Strandvik vert lagt inn som bustadområde med inntil 8 tomter då dette område er godt eigna for bustader tett på sentrum 	Det er mange område som er eigna byggeland i kommunen. Ut i frå KU og ROS, og forventa vekst i kommunen dei neste åra, er det opna for bygging i nokre av dei. Det er ikkje til hinder

	<p>- Ber om å få tilsendt kopi av fagleg utgreiing der B66 er registrert som aktsemdområde(ras)</p>	<p>for at andre eigna område kan utviklast i framtida.</p> <p>Området ligg som del av eit større område for spreidd bustadbygging med inntil 4 tomter.</p> <p>Kartlegging over aktsemdområde for ras ligg på heimesida til NVE. Det er ikkje gjennomført detaljert kartlegging av heile kommunen, og desse karta er grovmaska.</p>
33. Elsa Wold Skåtodden/Strandli	<p>Stiller seg undrande til at naustinnspel Na 33, ikkje vart tilrådd. Det er sett av eit areal til naustområde på naboeigedom.</p>	<p>Enkeltnaust har ikkje vore vurdert i denne arealplanen jmf. planprogram.</p> <p>Naustområde har vore ein del av rulleringa. Naustområdet som er satt av på naboeigedom har krav om fellesnaust og areal til ålmenta ved utarbeiding av reguleringsplan.</p> <p>Det er eit stort bakland med hytter og bustader i området.</p>
34. Øyvind Helland	<p>Helland/Lundarvik B80/B54</p> <p>Oppfordrar kommunen v/planutvalet å ta dette området inn i planen igjen.</p> <p>Det har vore arbeidd med ein reguleringsplan sidan 2006, men arbeidet har stoppa opp grunna avklaring tilkomstveg.</p> <p>Meiner området ikkje har flaum- eller rasfare.</p>	<p>Kommunen har avklart rasfare for det området som er lagt inn i arealplanen lenger aust.</p> <p>Forslag til reguleringsplan skal visa at området ikkje er rasfarleg, og det må gjennomførast ei KU og ROS for dette. Det er ikkje kommunen si oppgåve å gå inn i privat reguleringsplanarbeid og koste dette, eller avklare privatrettslege tvistar om tilkomstveg.</p> <p>Området låg ikkje inne i</p>

		arealplanen frå 2006, og kan dermed ikkje takast inn igjen. Dersom forslagstillar fekk oppstartløyve til å utarbeide reguleringsplan i 2006, kan reguleringsplanen fremmast når den er klar.
35. Marianne Vindenes	Ønskjer at kommunen revurderer konklusjonen om endring av bustadtomt frå LNF til bustadareal. Meiner at kommunen har vurdert feil.	Kommunen meiner at vurderinga er rett. Sjølv om det er gitt frådeling, er ikkje det gitt at heile eigedommen kan setjast av til bustadareal.